



Masfjorden kommune

## KONTROLLUTVALET FOR MASFJORDEN KOMMUNE

### MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 14.02.2019

Stad: Nordbygda skule, møterom  
Kl.: 09.15 – 13.30

Tilstade: Arthur Sjursen (leiar), Willy Borge (nestleiar) og Rigmor Søvik (medlem)

Innkalla: Rådmann Svein Helge Hofslundsengen  
Oppvekstleiar Rita Ludvigsen (til sak 04- 05/19)  
Rektor Nordbygda skule Kari Bøe (til sak 04- 05/19)  
Ordførar Karstein Totland

Revisjon:

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall:

.....

#### 01/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent

#### 02/19 Godkjenning av møteutskrift

**Saksvedlegg:**

Møteutskrift frå møte 29.11.2018

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Møteutskrift frå møte 29.11.2018 er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå møte 29.11.2018 er godkjent

## 03/19 Skriv og meldingar

### Saksvedlegg:

- a. Fylkesmannen i Hordaland - Brev 12.12.2018 ved avslutning av tilsyn - Nordhordland legevakt 2017
- b. Skatteetaten: Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Masfjorden kommune, datert 07.02.19

### Saksopplysningar:

### Behandling i møte:

Rapport frå skatteetaten vart ettersendt innkallinga i epost den 7.2.19 og gått gjennom i møtet.

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

## 04/19 Besøk på Nordbygda skule - omvising og orientering

### Saksvedlegg:

### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har i sin møteplan lagt opp til å besøkje ein skule i perioden og ser dette saman med gjennomført forvaltningsrevisjon innan skulesektoren.

### Behandling i møte:

Rektor ved Nordbygda skule Kari Bøe orienterte om skulen si verksemd og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Etter orienteringa var det ei omvising på skulen.

Det vart mellom anna informert om:

- Årsmeldinga for 2018
- Ulike satsingsområde for skuleåret
- Behov for nye pc-ar til elevane
- Kompetansen i personale
- Aktivitetar for eit godt skolemiljø for alle
- Vedlikehaldsutfordringar av bygg og anlegg

### Framlegg til vedtak:


Kontrollutvalet takkar for omvising og orienteringa og tek informasjonen til orientering

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for omvising og orienteringa og tek informasjonen til orientering

## 05/19 Orientering om status for oppfølging av forvaltningsrevisjon

Saksvedlegg: (ettersendt innkallinga i epost den 7.2.19)



### Saksopplysningar:

Kontrollutvalet handsama i møte den 16.10.2018 forvaltningsprosjektet «Kommunen som skuleeigar». Kommunestyret handsama rapporten i møte den 29.10.2018 (sak 055/18). I kommunestyret sitt vedtak vart rådmannen beden om å gje ei tilbakemelding til kommunestyret om korleis tilrådingane i rapporten vert/skal følgjast opp framover. Frist for tilbakemeldinga til kommunestyret er 1. mars 2019.

Kontrollutvalet har bede rådmannen gje orientering om status for oppfølgingsarbeidet til utvalet.

### Behandling i møte:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen orienterte om status for oppfølginga.

Oppvekstleiar informerte mellom anna om:

- Gjennomførte møte for å følgje opp tilrådingane i rapporten
- Planlagt informasjon til kommunestyre frå PPT i møte 21.02.19
- Ressursbruken i skulesektoren – undervisning og bygg/anlegg
- Tilpassa opplæring og spesialundervisning – endring av rutinar

Kontrollutvalet drøfta saka og det vart gjeve svar på ulike spørsmål frå utvalet.

### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til etterretning

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet er nøgd med at det er utarbeida nye rutinar, og det arbeidet som er utført for å følgje opp tilrådde tiltak i rapporten.

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til etterretning

## 06/19 Orientering om rutinar for føring og utlegging av møtebøker

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har som fast sak - gjennomgang av møteprotokollar fra politiske utval. Ved slik gjennomgang er det i ulike møte reist spørsmål om kva rutinar kommunen har for føring og utlegging av møtebøkene på kommunen si heimeside.

Kontrollutvalet har derfor bede rådmannen orientere om dette arbeidet i møtet.

Behandling i møte:

Rådmannen orienterte om saka. Rutinar og praksis vart drøfta

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek informasjonen til orientering  
Rådmannen føl opp saka.

## 07/19 Kontrollutvalet si årsmelding for 2018

Saksvedlegg:

Framlegg til årsmelding 2018 for kontrollutvalet

Saksopplysningar:

Sekretariatet sitt framlegg til årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2018 var sendt ut med innkallinga. Årsmeldinga skal gå som eigen rapport til kommunestyret for slik å synleggjere arbeidet til kontrollutvalet i året som er gått.

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2018 slik den ligg føre / med dei endringar som vart gjort i møte.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2018 slik den ligg føre

## 08/19 Kontrollutvalgskonferansen 2019 - orientering

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

Leiar deltok på Kontrollutvalgskonferansen, 30.-31. januar 2019 og vil i møte gje ei orientering om tema som var på konferansen.

Behandling i møte:

Leiar orientere om ulike tema

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjon til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjon til orientering

## 09/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar.

Behandling i møte:

Ingen merknader vart teke opp i møtet.

Har vore feil på heimesida – ein del protokollar har ikkje vore tilgjengeleg

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

## 10/19 Eventuelt

### Behandling i møte:

Følgjande saker vart tekne opp:

#### Interimsrevisjon 2018

Oppfølging vart kort drøfta

#### Årsrekneskap 2018

Rådmannen orienterte om utfordringar og status for arbeidet med avslutning av rekneskapet

Ordføraren orienterte om ulike saker og svarte på spørsmål

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om ulike saker til orientering

**Dato for neste møte er: 25. april 2019 kl 09.00**

### Førerels saker på neste møte er:

- Orientering/ dialog med ny revisjonssjef Nordhordland Revisjon IKS
- Årsmelding og rekneskap 2018
- Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden
- Økonomisk status for kommunen


Masfjorden, 14.02.2019

  
Arthur Sjursen  
Arthur Sjursen / leiar

  
Rigmor Søvik

Rigmor Søvik / medlem

  
Øivind Olsnes/sekretær

  
Willy Borge  
Willy Borge / nestleiar



## ÅRSMELDING 2018

### KONTROLLUTVALET - MASFJORDEN KOMMUNE

#### Organisering og møter

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.2018 til 31.12.2018. Kontrollutvalet er eit lovpålagt tilsynsorgan som er valt av kommunestyret og rapporterer direkte om sitt arbeid til kommunestyret.

I denne perioden har utvalet hatt følgjande samansetjing fram til 18.06.2018:

MEDLEMAR	VARAMEDLEMAR
Arthur Sjursen – leiar	Birger Wergeland – var for Sjursen
Bjarte Kvinge Tvedt – nestleiar	Willy Borge – vara for Tvedt
Wenche Dåe – medlem	Rigmor Søvik – vara for Dåe

Kommunestyret føretok nyval av kontrollutvalet i møte den 18.06.2018.

Utvalet er slik sett saman for resten av perioden.

MEDLEMAR	VARAMEDLEMAR
Arthur Sjursen – leiar	1. Birger Wergeland
Willy Borge – nestleiar	2. Morten Gullaksen
Rigmor Søvik – medlem	3. Sigmund Rørvik

Kontrollutvalet skal føre løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og sjå etter at det er ei forsvarleg revisjonsordning, på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet vedtok i sak 06/16 eit dokument som omtalar ansvar, oppgåver og organisering av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sine møter er opne på lik linje med andre politiske møte. Utvalet har hatt 4 møter i 2018 og det er handsama 30 saker inklusive formaliasaker.

#### Revisjonen og sekretariatstenesta

Den praktiske utføringa av tilsyns- og kontrolloppgåvene vert ivaretake hovudsakeleg av revisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet. Masfjorden kommune er medeigar av Nordhordland Revisjon IKS, som er eit interkommunalt revisjonsselskap eigd av dei sju kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovudoppgåve å sjå til at dei saker som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk. Nordhordland Utviklingsselskap IKS ivaretok sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. I 2018 var Øivind Olsnes sekretær for kontrollutvala.



## Saker i 2018

Utvælet er oppteken av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte.

Kontrollutvalet har kalla inn administrasjonen og ordførar for å få naudsynte opplysningar i aktuelle saker.

### Kontrollutvalet sin uttale til rekneskap og årsmelding

Kontrollutvalet skal gje ein uttale til kommunen sitt rekneskap og årsmelding.

Årsrekneskapen viste eit netto positivt driftsresultat på 7,0 mill kr som utgjer 3 % av driftsinntektene. Rekneskapet for 2017 synte eit rekneskapsmessige mindreforbruk på omkring 1,5 mill. kr. Avvika var forkart i analysen av årsrekneskapen og årsmeldinga. Kontrollutvalet ser det som positivt at kommunen har lagt fram positive netto driftsresultat dei siste åra, også i 2018. Dette er viktig for at kommunen kan oppretthalde eit godt tenestetilbod til innbyggjarane framover.

I uttalen peika kontrollutvalet på at revisjonen i fleire år har gjeve merknad for nokre tilhøve utan at det er gjennomført tiltak for endring. Kontrollutvalet meiner derfor det er viktig at kommunen set inn ekstra ressursar for å gjennomføre ulike oppgåver innanfor rekneskap og økonomi som ein er på etterskot med. Kontrollutvalet understreka særskilt behovet for å rette opp påpeika manglar i høve til internkontroll, og som kan medføre større risiko for at feil kan oppstå.

Kontrollutvalet merka seg ulike kommentarar frå revisjonen i revisjonsrapport nr. 16 (datert 09.04.18). Dette vart følgd opp av kontrollutvalet i møte den 29.11.18 (sak 25/18) der rådmann orienterte om status for kommunen si oppfølging av merknadane.

### Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Plan for selskapskontroll vart vedteken av kommunestyret i sak 132/2016 og det vart då vedteke å prioritere følgjande selskapskontroll i denne perioden:

- Einekavane AS

Plan for forvaltningsrevisjon vedtok kommunestyret i sak 033/2016. Det vart vedteke å prioritere følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Kommunen som skuleigar – ressursbruk, tilbod og skulemiljø
- Organisering, drift og ressursbruk og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Etikk – korleis arbeidar kommunen med problemstillingar knytt til etikk og varsling i organisasjonen?



Kontrollutvalet har følgt opp kommunestyret sine vedtak med gjennomføring av følgjande prosjekt i perioden og i 2018:

#### ***Forvaltningsprosjekt «Kommunen som skuleeigar»***

Kontrollutvalet tinga oppstart av prosjektet i 2016 frå revisjonen, men oppstart, framdrift og prosjektplan vart forseinka ved ulike endringar. Prosjektet vart avslutta i 2018.

Revisjonen sin prosjektrapport vart handsama av kontrollutvalet i møte den 16.10.2018.

Rapport med tilråding frå kontrollutvalet vart etterpå sendt til kommunestyret som handsama rapporten i møte den 29.10.2018 (sak 055/18).

Ressursbruken ved gjennomføring av forvaltningsprosjektet «*Kommunen som skuleeigar*» var stor. Revisjonen sine avsette timer for Masfjorden kommune til forvaltningsrevisjon / selskapskontroll er nytta til prosjektet. Kontrollutvalet har teke dette til orientering, og rår til at planlagde prosjekt som står til rest vert vurdert nærmare i neste kommunestyreperiode.

Utalet ser på forvaltningsrevisjon som eit nyttig reiskap for at utvalet skal kunne gjere den jobben som ein er sett til. Det er også viktig at rapportane vert nytta aktivt både av administrasjon og politikarar i kommunen, som eit reiskap for å forbetre og kvalitetssikre tenestene.

#### Oppfølging av revisjon

Kontrollutvalet skal sikre at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Revisjonen har vore i fleire utvalsmøter for å orientere om sitt pågående arbeid og planar for revisjon. Revisjonen har mellom lagt fram si erklæring om uavhengighet. Revisjonen av årsrekneskapen er tilfredstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning, jf. revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 10.04.2018 og revisjonsrapport nr. 16 datert 09.04.2018.

#### **Andre saker som er handsama av kontrollutvalet i 2018:**

- Orientering frå administrasjonen om rutinar, system og status for vedlikehaldsarbeid av kommunale bygningar
- Gjennomgang av møteprotokollar for politiske utval
- Oppfølging av revisjonsrapport nr. 16
- Interimsrevisjon 2018
- Orientering om kurs/konferansar
- Årsplan / møteplan for kontrollutvalet 2019

#### **Andre kommentarar**

Medlemane i utvalet deltok på NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2018.

Masfjorden, 14.02.2019

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Arthur Sjursen".

Arthur Sjursen / leiar